

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

SAK: ODELSLOVUTVALET SI UTGREIING  
AV 23. OKTOBER 2003  
(NOU 2003: 26 OM ODELS- OG  
ÅSETESRETTE) – HØYRING

## LANDBRUKSDREKTØREN SI SAKSUTGREIING:

Ved landbruksdepartementet sitt brev av 13.11.03 vart Odelslovutvalet sitt framlegg til endringar i odelslova sendt på høyring til m.a. fylkeslandbruksstyra og fylkesmennene. Kopi av høyringsbrevet ligg ved, medan innstillinga, NOU 2003: 26, vart utdelt til styremedlemene i møtet 17.12.03.

Utvalet vart oppnemnt i september 2001. Mandatet er attgjeve under punkt 1.2.1 i innstillinga. Der heiter det innleiingsvis: "Målsettingen med odelslovutvalget er å få en evaluering av odelslovgivingen samt forslag til lovendringer som kan bringe odelsretten i samsvar med landbrukspolitiske mål nedfelt i Innst. S. nr. 167 (1999-2000) og St.meld nr 19 (1999-2000)."

Utvalet skulle særleg vurdere:

- om krinsen av odelsrettshavarar bør avgrensast
- om løysingsfristen bør bli kortare
- verknadene av odelslova sine reglar for kvinner sin situasjon i landbruket.

Vidare skulle Utvalet utgreie:

- om odelslova inneber ei konservering eller "lukking" av landbruksnæringa,
- korleis lova verkar på lokalt eigarskap,
- korleis den påverkar busetjinga
- om det er råd å utforme ein føremålsregel i odelslova
- grensene for odlingsjord, basert på ressursgrunnlag
- lov- og regeltekniske avklåringar og forenklingar, m.a. for å redusere sakshandsamingstida ved utøving av offentleg mynde.

I april 2002 fekk Utvalet som tilleggsmandat å vurdere om odelslova, unnateke reglane om åsetesrett, bør oppretthaldast eller avviklast.

Før vi går inn på dei ulike elementa og forslaga i innstillinga, torer vi nemne følgjande: Av di verknadene av odelslovgjevinga skulle vurderast i høve gjeldande landbrukspolitiske målsetjingar, er det i innstillinga gjort greie for stoda/tilhøva slik dei er i dag, samt kva endringar i lova som lyt til for å bringe verknadene av den i samsvar med dei nemnde politiske målsetjingane. Som bakgrunn for desse vurderingane er det gjort eit omfattande arbeid med innsamling og analyse av eksisterande statistikk og

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

andre data. Då det er vanskelege både å registrere og kvantifisere dei mange haldningar- og handlingar som odelsretten motiverer, aleine eller saman med andre faktorar, vil det naturlegvis vere vanskeleg å finne grunnlag for mange bastante og/eller trygt underbygde standpunkt og konklusjonar i det innsamla materialet.

I kapittel 5 i innstillinga drøftar Utvalet tilhøvet mellom odelsretten og viktige landbrukspolitiske målsetjingar. Som bakgrunn for den vidare handsaminga finn vi det tenleg å gje att nokre av Utvalet sine konklusjonar her.

## 5.2

Inneber odelsretten at det einskilde bruk vert drive betre ?

Det vert konstatert at brukarar med odelsrett oftare har landbruksutdanning enn dei som ikkje har odelsrett, og odelsbrukaren har oftare positiv næringsinntekt og høgare inntekt enn andre brukarar. Utvalet konkluderer likevel med at det ikkje er sannsynleg at odelsretten i seg sjølv har nokon stor innverknad på desse faktorane.

## 5.3

Tilhøvet mellom eigedomseiningar og driftseiningar:

Landbruksproduksjonen vert i stadig aukande grad basert på bruk av leigejord. Denne utviklinga er ikkje landbrukspolitisk ønskjeleg. Utvalet legg til grunn at odelsretten heilt klart ikkje medverkar til å redusere gapet mellom eigar- og driftseiningar. Den er derimot med og opprettheld den eksisterande eigarstrukturen, slik at etablering av større einingar vert vanskelegare.

## 5.4

Odelretten sin innverknad på busetjing og lokalt eigarskap:

Slik vi forstår utvalet sine vurderingar, har odelsretten meir avgrensa innverknad på desse tilhøva. Den kan ha både positiv og negativ effekt, men viktigaste vilkåret for stabil busetjing og vitalitet i distrikta, er arbeidsplassar. Med stadig færre driftseiningar, vert landbruket si rolle i så måte stadig mindre. For dei større eigedomane vil nok odelsretten, saman med buplikta, føre til arealressursane i stor grad er på lokale eigarhender.

## 5.5

Odelretten sin verknad for kvinnene sin situasjon i landbruket:

Her er Utvalet sin konklusjon temmeleg klår: i høve likestilling mellom kjønna spelar odelsretten framleis ei viktig rolle for å oppnå målsetjinga om å styrke kvinnene sin posisjon i landbruket.

## 5.6

Kva odelsretten har å seie for rekrutteringa til landbruket:

Odelretten er positiv for den som skal førebu seg på ei framtid innan landbruksnæringa, ved at den gjev den med sterkast rett tryggleik for at han ein gong skal overta slektsgarden. Dette kan vere særleg viktig for kvinner, av di det på bygdene

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

framleis er ein del tradisjonelle oppfatningar til fordel for at gutar skal ha førerang. Utvalet reknar elles med at slektstanken og den kjenslemessige tilknytninga til eigedomen truleg er ein sterkare motivasjonsfaktor for å halde garden i familien enn sjølve odelsretten. Det vert også peika på at når det gjeld dei minste eigedomane, kan odelsretten slå uheldig ut. Det vil vere lettare å få fritak frå buplikta på eit ressursvakt bruk enn på eit større, og odelsretten kan då bli nytta for å få hand om ein eigedom som berre er tenkt nytta til fritidsføremål.

Utvalet dokumenterer elles at dei fleste landbrukseigedomane i dag ikkje går over til den som har best odelsrett.

## 5.7

Odelsretten sin innverknad på prisnivået på landbrukseigedomar:

Hovudkonklusjonen i innstillinga er at odelsretten medfører at talet på slektstransaksjonar vert større enn elles, og ved overdraging til nærstående er det ein klår tendens til lågare verdsetjing.

## 5.8

Odelsretten i høve sameige- og selskapsformer:

Utvalet er komne til at odelsretten må reknast å vere eit verkemiddel for å oppnå den politiske målsetjinga om at landbrukseigedomar bør eigast av fysiske personar som i størst mogeleg grad sjølv bur på og driv eigedomane sine. Kor stor verknad odelsretten har i så måte, er det derimot vanskeleg å seie noko sikkert om. Det kan dessutan innførast andre reguleringar som kan ha større effekt i retning måloppnåinga enn dagens odelsrett. Regelen i odelslova § 45, om at det ikkje går nokon foreldingsfrist mellom dei som eig ein odelseigedom i sameige, vil i nokon grad vere til hinder for at ein får landbrukspolitisk ønskjelege driftstilhøve.

Sjå elles Utvalet si eiga samanfatning av tilhøvet mellom odelsretten og dei landbrukspolitiske målsetjingane under punkt 5.9.

\* \* \*

I høyringsbrevet ber departementet om at merknadene vert skrivne kronologisk ut frå systemet i innstillinga. Det vil bli freista gjort nedanfor. Ein del endringsforslag er ikkje kommenterte. Desse sluttar vi oss utan vidare til.

På tross av oppmodinga om kronologi, finn vi det mest naturleg først å drøfte det grunnleggande spørsmålet om odelsretten bør oppretthaldast eller ikkje.

### Bør odelsretten oppretthaldast?

(Innst. Kap. 12)

Odelsretten som nasjonalt særdrag og som historisk faktor i norsk politisk søge, går vi ikkje inn på her. Som Utvalet meiner vi at utgangspunktet for vurderinga av retten si eventuelle framtid bør vere dagen i dag, og ikkje minst morgondagen. Den bør difor

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

opprethaldast berre dersom dei samfunnsmessige og landbrukspolitiske fordelane veg tyngre enn dei ulempene retten fører med seg.

Utvalfleirtalet (6 medlemmer) meiner at odelsretten skal førast vidare. Til fordel for standpunktet vert det i hovudsak vist til følgjande moment:

- lova påverkar yrkesutøvarane sine haldningar og langsiktige målsetjingar i positiv lei
- den ivaretek samfunnsmessige verdiar på ein forutseieleg måte
- den skapar grunnlag for langsiktig satsing og stabilitet i næringa
- dei føreslegne lovendingane vil redusere mange av dei uheldige verknadene av dagens regelverk
- odelsretten gjev likskap mellom kjønna

Mindretalet (2 medlemmer) finn det rett å avvikle odelsretten. Hovudargumenta er om lag dei følgjande:

- det er heller usikkert om odelsretten fører til eit betre landbruk
- anna lovverk (konesjonslov, jordlov) kan ivareta dei fleste samfunnsinteressante sidene ved odelsretten
- i dag kan det ikkje forsvarast at det gjennom fødsel vert skapt ein personkrets som har fortrinnsrett til ca 80% av landbrukseigedomane. Dette er eit brot på allmenne prinsipp/forestillingar om likskap utan omsyn til fødsel eller slekt.

Vi ser ikkje bort frå at det kan syne seg tenleg å avvikle odelsretten, men vi trur ikkje tida er mogen. Det har skjedd store endringar innan landbruksnæringa dei seinare åra, også kva gjeld regel- og rammeverk. Rask endrings- og omstillingstakt vil også venteleg prege framtida. Då kan det vere rett å halde på nokre stabiliserande faktorar, for på den måten å skape eit minimum av forutsigbarheit for dei som kan og vil satse på ei framtid innan landbruket. Dersom ein aksepterer at denne næringa har visse særdrag, m.a. at produksjonsresultata for ein stor del er knytt til kunnskap om og evne til å tilpasse seg lokale naturgjevne føresetnader, som klima, jordsmonn, særmerkte tradisjonar og kultur, vil det truleg vere rett at ein framleis opprettheld dei hevdvunne prinsippa som odelsretten ber i seg.

Vi har likevel stilt oss følgjande spørsmål: Dersom vi ikkje hadde hatt nokon odelsrett i dag, ville vi då ha innført ei slik ordning, med fortrinnsrett til landbrukseigedomar basert på fødsel og slekt, for på den måten å søkje å oppfylle dei aktuelle landbruks- og distriktspolitiske målsetjingane? Vi trur svaret må bli nei.

På tross av dette vil vi altså rå til at odelsretten vert oppretthalden. Standpunktet er såleis for ein stor del tufta på det faktum at vi har hatt denne retten i langt tid, og at den difor blitt eit av dei få faste punkta og ein etter måten påliteleg storleik i ei elles omskifteleg tid for næringa. Den bør difor også i framtida kunne danne grunnlag for dei haldningar og langsiktige målsetjingane som pregar yrkesutøvarane i landbruket, slik fleirtalet i Utvalet peikar på. Som tvillaust positivt bør også odelsretten sin funksjon til fordel for likestilling mellom kjønna nemnast.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

## Modernisering av odelsretten

(6.1)

Odelslova kapittel I om kva som kan odlast:

I dag er hovudregelen at fast eigedom som kan nyttast til landbruksdrift og som har ein viss storleik, kan odlast, sjå § 1. Arealstorleiken er nærare fastlagd i § 2, der det heiter at

*”Ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 20 dekar, eller det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at den produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal.*

*Ein eigedom der jordbruksarealet er under 5 dekar er likevel aldri odlingsjord. Det same gjeld ein rein skogeigedom der det produktive arealet er under 100 dekar.”*

For eigedomar som ligg i grenseland for kva som kan odlast, er vurderingstemaet ”kan nyttast til landbruksdrift” (jf § 1) gjennom rettspraksis konkretisert og utdjupa slik: ”Drift som bare har karakter av hobbybruk, kan ikke danne grunnlag for å betrakte en eiendom som odlingsjord...” Skal det vere tale om odelsjord/odlingsjord, må det vere realistisk ”...at nokon kan vere interessert i å drive landbruk på eigedomen med sikte på økonomisk vederlag for arbeidsinnsatsen.” Dette er blitt det sentrale kriteriet ved vurderinga av eigedomen sin status, medan dei konkrete arealkrava i § 2 har mindre å seie i praksis (sitata er frå Rt 2001 side 561).

Utvalet finn at dagens praksis, som gjev rom for eit vidt skjønn, er uheldig. av di det skapar uvisse for både kjøparar, seljarar og mogelege odelsløysarar. Det vert difor gjort framlegg om å knyte grensene for odlingsjord til fastare kriterier, i form av arealstorleikar. Vi er fullt ut samde med Utvalet, både i vurderinga av stoda i dag, og i målsetjinga om å redusere uvisse kring eigedomane sin odelsrettslege status. Vi sluttar oss også til forslaget om framleis å bruke omgrepa jordbruksareal og produktivt skogareal, og å halde fast ved definisjonane av desse arealkategoriane.

Når det gjeld spørsmålet om kva arealstorleikar som må til for at eigedomen skal vere odels-/odlingsjord, har Utvalet levert ei delt innstilling.

Fleirtalet (5 medlemmer) tilrår at grensene vert sett slik:

minst 50 dekar jordbruksareal eller minst 1000 dekar produktiv skog.

Eigedom med minst 40 dekar jordbruksareal skal også reknast som odlingsjord når anna areal er minst 500 dekar.

Mindretalet (3 medlemmer) tilrår slike grenser:

minst 30 dekar jordbruksareal eller minst 500 dekar produktiv skog

Eigedom med minst 20 dekar jordbruksareal skal også reknast som odlingsjord når anna areal er minst 100 dekar.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Både fleirtalet og mindretalet går inn for at eventuell part i realsameige (t.d. i felles utmark) skal reknast med i eigedomen sitt arealgrunnlag.

Vi har prøvd å finne ut kva dei to framlegga vil innebere med omsyn til tal odelseigedomar i vårt fylke. Vi lyt understreke at tala er omtrentlege og at dei først og fremst kan opplyse noko om tilhøvet mellom tal odelseigedomar pr i dag, samanlikna med kva dei to framlegga i innstillinga vil innebere:

Tal eigedomar som tilfredsstillar arealkrava i § 2 slik den er i dag:	ca 8.500
-----"-----"----- mindretalsforslaget:	ca 7.700
-----"-----"----- fleirtalsforslaget:	ca 5.500

I utvalet er det semje om at arealgrensene bør setjast så høgt at ein i all hovudsak utelukkar eigedomar som for ein stor del berre vert nytta eller kan nyttast til bustad- eller fritidsføre mål. Dette må etter vårt syn vere ei riktig målsetjing. Når statistikken syner at driftseiningane sitt jordbruksareal har auka frå ca 62 dekar i 1969 til ca 164 dekar i 2001, og at innteninga pr dekar er monaleg redusert i det samme tidsrommet, meiner vi at fleirtalet sitt framlegg er det einaste som er tenleg i høve målsetjinga.

(6.2)

Vilkår for odelsrett

Odelsslekta (§ 8):

Eit fleirtal i Utvalet (5 medlemmer) går inn for å halde på den same odelskretsen som vi har i dag. Ordlyden i § 8, første avsnitt, første punktum, vil då framleis bli slik: "Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller søsken av foreldra har ått (heile) eigedomen med odel." For eit bruk som har vore i same slekta i nokre generasjonar, vil dette ofte innebere at t.d. eigaren sine søskenborn (fetter/kusine) har odelsrett.

Mindretalet (3 medlemmer) vil avgrense odelskrinsen, slik at i prinsippet berre dei som har vakse opp på garden har odelsrett til den. Det vert difor gjort framlegg om slik ordlyd i § 8, første avsnitt: "Utanom odlaren får også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra har ått heile eigedomen med odel." Retten går då berre i rakt nedstigande line.

Mindretalet ser ikkje tilstrekkeleg tungtvegande grunnar til å oppretthalde odelsretten for personar som i regelen ikkje har særleg tilknytning til eigedomen. Såleis fører dagens ordning stundom til at i dei tilfelle der eigaren og borna hans er samde om at det vil vere best å selje bruket til ein utanforståande, kan fjernare slektningar, utan særleg tilknytning til bruket, legge hindringar i vegen for ei slik overdraging. Mindretalet vedgår at deira framlegg kan medføre einskilde mindre heldige utslag, men desse er knapt av slikt omfang at dei kan danne grunnlag for å oppretthalde odelsretten for dei fjernare slektningar – slik stoda er i dag. Det vert også peika på at det ikkje er noko til hinder for at den barnlause eigaren kan overføre eigedomen til ein nevø eller ei niese som han måtte vere knytt til, på vanleg måte.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Vi har forståing for mindretalet sitt framlegg. Blant den fjernare odeskrinsen vil det heller sjeldan vere nokon som har hatt velgrunna forventningar om å overta odelsbruket, og når så eit slikt høve oppstår, kan det tidvis vere andre motiv enn dei som odelsretten skal hegne om, som gjer det interessant å vurdere å bruke retten sin. Dette vil oftast vere tilfelle i høve dei mindre gardane, som er best eigna som bustad- eller fritidseigedom, men i ein folkesetnad der stadig fleire får eit stadig fjernare tilhøve til landbruket sine realitetar og røyndomen på bygdene, ser vi at der er dei som finn det tenleg å eige ein større eigedom berre for å eige den, samt at t.d. høvet til både å drive jakt og fiske på – eller med bakgrunn i - eigen eigedom, kan motivere bruk av odelsrett.

Fleirtalet viser til at dersom retten vert avgrensa i tråd med mindretalsframlegget, vil der ikkje vere nokon med odelsrett dersom eigaren er barnlaus. Tilhøvet mellom den barnlause eigaren og søskena hans sine born kan vere både tett og sterkt, men dei vil ikkje kunne gjere nokon rett gjeldande dersom eigedomen t.d. vert seld på tvangsauksjon. Dessutan kan følgjande situasjon oppstå: Mellom syskena er det semje om at nr 2 bør overta eigedomen etter foreldra. Etter dagens reglar kan nr 1 vite at dersom nr 2 seinare skulle selje eigedomen, vil han (nr 1) eller borna hans kunne løyse den på odel. Dette kan vere viktig for å få i stand ei grei generasjonsoverdraging til nr 2. Vert mindretalet sitt framlegg innført, vil kanskje nr 1 i dette dømet finne det vanskeleg å gje slepp på sin førsterett, kanskje av omsyn til sine egne born, og deira mogelege interesse for odelseigedomen.

Av dei to konkrete framlegga er vi komne til at fleirtalet sitt bør følgjast.

Mindretalsframlegget vil truleg innebere ei såpass stor endring i dei tradisjonelle oppfatningar som knyter seg til odelsretten, at tida kanskje ikkje er mogen for den slags, jf noko av det som er sagt ovanfor om oppretthalding av odelsretten. Ein farbar mellomveg kunne vere alternativet med at berre born av ein eigar - noverande eller tidlegare – skal ha odelsrett (sjå innstillinga punkt 6.2.2, bokstav (b), sist på side 98). Nokre av dei lite heldige utslaga av mindretalsframlegget vil då i mange tilfelle falle bort, samstundes som odelskrinsen vert monaleg redusert, noko vi i utgangspunktet ser som positivt. Vi vil difor rå til at dette alternativet vert teke med vidare i prosessen.

6.3.2 og 6.4:

Samodling, sambuar sin status:

Vi trur tida er mogen for å jamstille sambuarar og ektefolk i odelsrettsleg forstand i dei tilfella Utvalet har foreslått, i høve samodling og kva gjeld gjenlevande ektefelle sitt vern dersom odelsrettshavaren døy.

(6.6)

Interpellasjonsretten

Utviding av verkeområdet, reduksjon av svarfristen (odl. § 20):

Etter gjeldande ordning kan den som vil overdra odelsbruket til eit av dei yngre borna, gje dei med betre rett ein frist på 6 månader til å seie frå om dei vil gå inn i kjøpetilbodet. Utvalet gjer framlegg om å utvide denne interpellasjonsretten til å gjelde også der eigaren ønskjer å overdra til nokon enno lenger ute i odelskrinsen, eller til nokon som slett ikkje har odelsrett.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Svarfristen vert dessutan redusert frå 6 til 2 månader.

Utvidinga av regelen sitt verkeområde ser vi som udelt positivt. For nokre eigarar kan odelsretten sine reglar om rekkefølge – og stundom heile odelsretten – under visse føresetnader verke som ei ”klam hand” . Den kan framstå som ei irrasjonell hindring i høve eigaren sitt ønskje om å la den han finn best skikka ta over egedomen og utvikle den vidare i den lei eigaren ønskjer. For den som først og fremst har egedomen sitt beste for auge, vil det ofte framstå som lite interessant/relevant kor vidt neste eigar er den med best odelsrett eller ikkje – eller om vedkomande i det heile tilhøyrrer odelskrinsen. Vi meiner at Utvalet sitt framlegg på ein god måte opnar for rasjonelt motiverte overdragingar på tvers av lova si fødsels- og slektsbaserte preferanselinje, samstundes som den ivaretek nett omsynet til desse hevdvunne prinsippa i tilstrekkeleg grad.

Svarfristen på 2 månader kan umiddelbart verke temmeleg knapp. Den bør sjølvstund vurderast i lys av forslaget om å redusere den alminnelege løysingsfristen frå 12 til 6 månader, slik Utvalet peikar på, og for vår eigen del finn vi at ein knapp frist bør kunne forsvarast ut frå følgjande resonnement: Den som treng lenger tid enn t.d. 2 månader på å bestemme seg for kva han skal svare på tilbodet, har truleg ikkje tidlegare tenkt noko særleg på om det kan vere aktuelt å ta over egedomen om høvet skulle by seg. Det kan tyde på at interessa eller lysta ikkje har vore den største, og motivasjonen for ei overtaking er då kanskje heller ikkje den beste, i alle høve ikkje vurdert i lys av dei tradisjonelle verdiane odelsretten skal hegne om. Vi kan difor tilrå at fristen vert sett til 2 månader.

## (6.6.3)

Stogging av løysingskrav når kravet er klårt urimeleg (odl. § 21)

I dag kan domstolen fråvike lova si prioritetsrekkefølge dersom løysingskravet frå den som har betre odelsrett verkar klårt urimeleg andsynes den med dårlegare rett som har overteke odelsbruket. Utvalet ønskjer at lova skal opne for ei tilsvarende ordning også der egedomen er overført til nokon som ikkje har odelsrett.

Vi vil utan vidare slutte oss til Utvalet sitt framlegg. Eit slikt standpunkt kan m.a. grunngjevast med bakgrunn i følgjande spørsmålstilling: Dersom ein domstol meiner at løysingskravet frå ein odelsrettshavar er klårt urimeleg andsynes den som har overteke odelsegedomen, men som ikkje har odelsrett, bør domstolen då, av omsyn til fødsels- og slektsretten - vere pålagd å ta ei avgjerd som den meiner gjev eit klårt urimeleg resultat? Vi trur svaret bør vere nei.

## (6.7)

Om bu- og driveplikt:

Hovudtema for Utvalet sine drøftingar her, er kor vidt reglane om bu- og driveplikt på odelseigedomar bør stå i odelslova eller i konsesjonslova, samt om den som overtek egedom ved formell odelsløysingssak skal ha meir omfattande bu- og driveplikt enn den som overtek utan slik sak.



# MØTEBOK

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

Utvalet er delt på midten i begge desse spørsmåla. Vi har ingen sterke meiningar kva gjeld reglane si plassering i lovverket. Vi finn derimot argumenta til fordel for å avskaffe dei strengare pliktene for odelsløysarane, såpass overtydande at vi vil tilrå dei fjerna (sjå side 115, 1. spalte). Dessutan meiner vi at når odelslova elles bygger på at beste odelsmann skal ha best rett – stort sett utan vidare – bør ikkje lova sjølv innføre straffeliknade eller ekstra tyngjande åtgjerder for den som tek lova på ordet, og brukar denne retten sin.

(6.8)

## Odelsfrigjering

Utvalet meiner at dagens regelverk om odelsfrigjering treng "ei overhaling". Det er vi samde i. Dei fleste endringsforslaga kan vi slutte oss til fullt ut, m.a. at det bør setjast ein frist for å fremje søknad om frigjering, jf § 31, samt at odelsretthavarane kan varslast om frigjerings-saka gjennom annonsering jf § 33. Vi meiner derimot at uttalefristen i § 33, på 3 månader er i drygaste laget. Samanlikna med framlegget om ein interpellasjonsfrist på 2 månader og ein løysingsfrist på 6 månader, framstår uttalefristen som meir enn romsleg. Saker om odelsfrigjering tek lang nok tid som det er, og sakshandsaminga stoggar i stor grad opp medan denne fristen går. Vi meiner at 1 måned bør vere meir høveleg tid for å kome med uttale til frigjerings-spørsmålet.

Utvalet ønskjer også å skjerpe krava til odelsfrigjering i høve dei fjernare odelsretthavarane. I dag er det berre den kretsen som kunne ha overteke eigedomen konsesjonsfritt grunna slektskap med overdragaren, som er verna av kravet om at vilkåra for oreigning må vere oppfylte for at odelsfrigjering kan gjennomførast. Utvalet sitt framlegg vil reint teknisk vere enklare enn dagens differensierte ordning, men vi ser ingen andre gode grunnar til at vi under dei rådande tilhøve innan næringa, og med dagens landbrukspolitiske målsetjingar, no skal strekke det særlege vernet lenger utover i odelskretsen. Utvalet sitt framlegg inneber nok ei systematisk forenkling, men etter vårt syn har det ikkje noko preg av modernisering, snarare tvert om. Det rimer heller ikkje så godt med dei "oppmjukingsomsyn" som t.d. ligg bak endringsframlegget om at domstolen kan sjå bort frå løysingsmannen sin odelsrett (nekte odelsløysing) dersom kravet er klårt urimeleg andsynes ein overtakar som ikkje har odelsrett, jf ovanfor. Vi vil difor tilrå at dagens ordning vert vidareført. Regelen om svakare vern for små eigedomar må då enten endrast ved at arealstorleiken vert monaleg oppjustert, eller kanskje bør den fjernast heilt? Slektstilknytninga og slektskjensla kan vere like stor i høve ein liten eigedom som ein større, og i våre dagar er det vanskeleg å sjå at der, i alle høve på våre kantar, er særleg mange eigedomar som er så store at dei ikkje er eigna som rasjonaliseringsobjekt berre på grunn av storleiken.

(6.10)

## Preskripsjon/forelding (§ 40)

Hovudprinsippet i dag er at den som vil bruke sin odelsrett, må gjere den gjeldande innan eit år etter at skøyte til nokon lenger ute i odelsrekka, eller som er utan odelsrett, vart tinglyst. Utvalet meiner, under tvil, at denne fristen bør halverast. Ein ønskjer å redusere perioden med uvisse til fordel for den nye eigaren. Det vert m.a. vist til at i lov om løysingsrettar er også preskripsjonsfristen 6 månader. Som Utvalet peikar på, vil det i mange tilfelle vere rimeleg

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 10

Saksnummer: 14	Kommune:
Møtedato: 11.06.04	Sakshandsamar: T. Øvrebø

om ein får noko tid på å vurdere om odlesretten skal nyttast, med alle dei omsnunder dette kan innebære for rettshavaren sitt tilvære. Vi er, som Utvalet, i tvil om dette spørsmålet, men i tråd med endringstakta både innan landbruksnæringa og samfunnet elles, samt med ei målsetjing om å redusere uvissa, både generelt og spesielt, sluttar vi oss til framlegget.

6.15

Likestilling mellom kjønna:

Her vil vi berre kort gje uttrykk for full støtte til framlegget om å endre § 78 slik at der ikkje lenger skal vere noko diskriminering av kvinner.

I SAMSVAR MED FULLMAKT FRÅ FYLKESMANNEN GJEV  
LANDBRUKSDIREKTØREN SLIK INNSTILLING:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si saksutgreiing, og sluttar seg i hovudsak til det som der er sagt.

HANDSAMING I STYREMØTET:

Styret drøfta ulike sider ved odelsretten og odelslova.

Nils Gjerland gjorde slikt FRAMLEGG TIL UTTALE:

Fylkeslandbruksstyret meiner primært at odelsretten bør avviklast.

Skulle odelsretten likevel bli vidareført, sluttar styret seg til landbruksdirektøren sine synspunkt og merknader.

AVRØYSTING:

Gjerland sitt framlegg vart vedteke med 5 røystar (Glomnes Frp; Sølvberg, V; Gjerland, Sp; Stave, H; Bakken, Ap)

Landbruksdirektøren sitt framlegg fekk 2 røyster (Eide Kirketeig, Ap; Aafedt Fjærestad, Sp)